

## KOMMISJONSVEDTAK

2017/EØS/4/47

av 16. oktober 2009

**om harmonisering av frekvensbanda 900 MHz og 1 800 MHz for jordbaserte system som kan tilby felleseuropeiske elektroniske kommunikasjonstenester i Fellesskapet**

[meldt under nummeret K(2009) 7801]

(2009/766/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsvedtak nr. 676/2002/EF av 7. mars 2002 om rammeregler for radiospektrumpolitikk i Det europeiske fellesskap (radiospektrumvedtaket)<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 4 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Frekvensbanda 890–915 og 935–960 MHz vart avsette og skulle nyttast til offentlege felleseuropeiske digitale mobiltelekommunikasjonstenester som skulle stillast til rådvelde i kvar einskild medlemsstat i samsvar med ein felles spesifikasjon, slik det er fastsett i rådsdirektiv 87/372/EØF av 25. juni 1987 om avsetting av frekvensbånd for samordnet innføring av et felleseuropeisk digitalt offentlig landmobilt kommunikasjonssystem i Fellesskapet<sup>(2)</sup>, utfyllt med rådsrekommandasjon av 25. juni 1987 om samordnet innføring av et offentlig nett for felleseuropeisk jordbasert, digital mobiltelekommunikasjon<sup>(3)</sup> og med rådsresolusjon av 14. desember 1990 om siste stadium i den samordnede innføringen av et offentlig nett for felleseuropeisk jordbasert, digital mobiltelekommunikasjon (GSM)<sup>(4)</sup>.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/114/EF<sup>(5)</sup> endrar direktiv 87/372/EØF og opnar frekvensbanda 880–915 MHz og 925–960 MHz (900 MHz-bandet) for det universelle mobiltelekommunikasjonssystemet (UMTS) og for andre jordbaserte system som kan tilby elektroniske kommunikasjonstenester som sameksisterer med det verdsomfattande systemet for mobiltelekommunikasjon (GSM), i samsvar med dei tekniske gjennomføringstiltaka som er vedtekte i medhald

av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 676/2002/EF (heretter kalla «radiospektrumvedtaket»). Det bør difor vedtakast tekniske tiltak for å gjere det mogleg med sameksistens mellom GSM og andre system i 900 MHz-bandet.

- 3) Frekvensbanda 1 710–1 785 MHz og 1 805–1 880 MHz (1 800 MHz-bandet) er vortne tilgjengelege for GSM og vert no nytta av GSM-system over heile Europa. 1 800 MHz-bandet bør òg opnast på dei same vilkåra som 900 MHz-bandet for andre jordbaserte system som kan tilby elektroniske kommunikasjonstenester som kan sameksistere med GSM-system.
- 4) Den noverande bruken av GSM i 1 800 MHz-bandet bør vernast i heile Fellesskapet så lenge det finst rimeleg etterspurnad etter denne tenesta, i tråd med den strategien som vart innført ved direktiv 87/372/EØF for å verne bruken av GSM i 900 MHz-bandet.
- 5) I samsvar med artikkel 4 nr. 2 i radiospektrumvedtaket gav Kommisjonen 5. juli 2006 Den europeiske post- og telekonferansen (heretter kalla «CEPT») mandat til å utarbeide tekniske vilkår som er minst mogleg restriktive, for frekvensband innanfor ramma av tilgangspolitikken for trådlause elektroniske kommunikasjonstenester (WAPECS, Wireless Access Policy for Electronic Communications Services), som omfattar banda 900 MHz og 1 800 MHz.
- 6) Teneste- og teknologinøytralitet er politiske mål for ein meir fleksibel bruk av spektrum, noko som medlemsstatane støttar gjennom fråsegna frå gruppa for radiospektrumpolitikk (heretter kalla «RSPG») om WAPECS av 23. november 2005. I fråsegna si om WAPECS går RSPG inn for at desse politiske måla heller bør innførast gradvis enn alle på ein gong, slik at det ikkje fører til forstyrningar på marknaden. Kommisjonen uttrykte sitt synspunkt med omsyn til ein meir fleksibel bruk av spektrum i meldinga si om snøgg tilgang til spektrumet for trådlause elektroniske kommunikasjonstenester gjennom større fleksibilitet<sup>(6)</sup>, der det m.a. vert lagt vekt på behovet for ei samanhengande og godt avpassa løysing for andre og tredje generasjons mobilband i samband med innføringa av ein meir fleksibel bruk av spektrum i elektroniske kommunikasjonstenester.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 274 av 20.10.2009, s. 32, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 94/2012 av 30. april 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstjenester) se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 50 av 13.9.2012, s. 37.

<sup>(1)</sup> TEF L 108 av 24.4.2002, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 196 av 17.7.1987, s. 85.

<sup>(3)</sup> TEF L 196 av 17.7.1987, s. 81.

<sup>(4)</sup> TEF C 329 av 31.12.1990, s. 25.

<sup>(5)</sup> TEU L 274 av 20.10.2009, s. 25.

<sup>(6)</sup> KOM(2007) 50.

- 7) I tråd med strategien som er vald ved direktiv 87/372/EØS for opning av 900 MHz-bandet, bør difor 1 800 MHz-bandet som for tida vert nytta til GSM, òg tildelast både for GSM og andre jordbaserte system som kan tilby elektroniske kommunikasjonstenester som kan sameksistere med GSM-system, og medlemsstatane bør gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for at drifta av GSM kan halde fram utan skadeleg interferens.
- 8) Det må sikrast at alle andre system som vert nytta i 900 MHz- og 1 800 MHz-banda, er teknisk kompatible både med tilgrensande nett som vert drivne av andre rettshavarar i desse banda, og med bruken av frekvensband som er tilgrensande til 900 MHz- og 1 800 MHz-banda.
- 9) I samband med harmoniseringstiltak i medhald av radiospektrumvedtaket viser granskingar CEPT har gjort av kompatibiliteten, på grunnlag av eit mandat frå Kommissjonen, at den tekniske kompatibiliteten ligg føre. Desse granskingane bør føre til ei fastlegging av dei tekniske vilkåra som er naudsynte for å sikre sameksistens for stadig fleire jordbaserte system som kan tilby elektroniske kommunikasjonstenester. Det bør utarbeidast ei liste over dei systema som utviser ein slik teknisk kompatibilitet, som Kommissjonen eventuelt bør endre med hjelp frå Radiospektrumutvalet i samsvar med WAPECS-prinsippa, slik at talet på system med harmonisert tilgang til 900 MHz- og 1 800 MHz-banda over tid, vert høgare.
- 10) På grunnlag av tekniske undersøkingar, særleg rapport 82 og 96 frå CEPT gjennom Utvalet for elektronisk kommunikasjon (ECC), og som svar på mandatet av 5. juli 2006 i rapport 19 frå CEPT, konkluderte CEPT med at UMTS-/900-/1 800-netta kan innførast i byar, forstader og i distrikta og sameksistere med GSM-/900-/1 800-netta, så fram det vert nytta høvelege verdiar for berebølgjeavstand.
- 11) Ettersom marknaden ønskjer innføring av UMTS i desse banda, bør resultatane av mandatet til CEPT nyttast i Fellesskapet og straks gjennomførast av medlemsstatane. I tillegg bør medlemsstatane sikre at UMTS gjev eit høveleg vern for eksisterande system i dei tilgrensande banda.
- 12) For å auke fleksibiliteten og samstundes ta vare på den naudsynte felleseuropeiske dekninga av elektroniske kommunikasjonstenester i harmoniserte frekvensband, bør medlemsstatane òg få fullmakt til å tillate at andre system vert innførte i 900 MHz- og 1 800 MHz-banda, i tillegg til GSM og andre utpeikte jordbaserte system som kan tilby elektroniske kommunikasjonstenester, på det vilkåret at dei sikrar sameksistens for slike jordbaserte system.
- 13) Den tekniske forvaltninga av radiospektrum omfattar harmonisering og tildeling av radiospektrum. Ei slik harmonisering bør spegle dei krava som følgjer av dei allmenne politiske prinsippa som er fastlagde på fellesskapsplan. Teknisk forvaltning av radiospektrumet omfattar likevel ikkje framgangsmåtar for tildeling og utferding av løyver (medrekna tidspunkta for dette), eller ei eventuell anna avgjerd om bruk av framgangsmåtar for bruk av konkurransebasert utveljing ved tildeling av radiofrekvensar.
- 14) Ulikskapar i nasjonale tilhøve kan føre til konkurransevriding. Dei eksisterande rammereglane gjev medlemsstatane dei verktyøya dei treng for å handtere desse problema på ein måte som er høvesvis, hindrar skilnadshandsaming, er objektiv og underlagd fellesskapsretten, medrekna direktiv 87/372/EØF, europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/20/EF av 7. mars 2002 om tillatelse for elektroniske kommunikasjonsnett og -tjenester (tillatelsesdirektivet)<sup>(1)</sup> og europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF av 7. mars 2002 om felles rammeregler for elektroniske kommunikasjonsnett og -tjenester (rammedirektivet)<sup>(2)</sup>.
- 15) Bruken av spektrum er underlagd krava i fellesskapsretten om offentleg helsevern, særleg europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/40/EF av 29. april 2004 om minstekrav til helse og sikkerhet med hensyn til eksponering av arbeidstakere for risikoer i forbindelse med fysiske agenser (elektromagnetiske felt) (attende særdirrektiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)<sup>(3)</sup> og rådsrekommendasjon 1999/519/EF av 12. juli 1999 om begrensning av eksponering av allmennheten for elektromagnetiske felt (0 Hz til 300 GHz)<sup>(4)</sup>. Helsevern for radioutstyr vert sikra ved at slikt utstyr oppfyller dei grunnleggjande krava i europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/5/EF av 9. mars 1999 om radioutstyr og teleterminalutstyr og gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar<sup>(5)</sup>.
- 16) For å sikre ein effektiv bruk av 900 MHz- og 1 800 MHz-banda òg på lang sikt, bør forvaltningane halde fram med granskingane sine for å oppnå meir effektiv og nyskapande bruk. Med sikte på revisjon av dette vedtaket slik at det omfattar ytterlegare teknologi, bør desse og andre granskingar som CEPT gjennomfører på grunnlag av nye mandat, kunne vise at òg andre system enn GSM og UMTS kan tilby jordbaserte elektroniske kommunikasjonstenester med felleseuropeisk dekning, og sikre teknisk kompatibilitet med GSM og UMTS gjennom høvelege tiltak.

(1) TEF L 108 av 24.4.2002, s. 21.

(2) TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33.

(3) TEU L 159 av 30.4.2004, s. 1.

(4) TEF L 199 av 30.7.1999, s. 59.

(5) TEF L 91 av 7.4.1999, s. 10.

17) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Radiospektrumutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Dette vedtaket tek sikte på å harmonisere dei tekniske vilkåra for tilgang til og effektiv bruk av 900 MHz-bandet, i samsvar med direktiv 87/372/EØF, og av 1 800 MHz-bandet for jordbaserte system som kan tilby elektroniske kommunikasjonstenester.

*Artikkel 2*

I dette vedtaket tyder:

- a) «GSM-system» eit elektronisk kommunikasjonsnett som er i samsvar med GSM-standardar som er offentleggjorde av ETSI, særleg EN 301 502 og EN 301 511,
- b) «900 MHz-bandet» banda 880–915 MHz og 925–960 MHz,
- c) «1 800 MHz-bandet» banda 1 710–1 785 MHz og 1 805–1 880 MHz.

*Artikkel 3*

Dei jordbaserte systema som kan tilby elektroniske kommunikasjonstenester som kan sameksistere med GSM-systema i 900 MHz-bandet slik det er definert i artikkel 1 nr. 1 i direktiv 87/372/EØF, er førte opp i vedlegget. Dei er omfatta av dei vilkåra og gjennomføringsfristane som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 4*

1. 1 800 MHz-bandet skal tildelast og gjerast tilgjengeleg for GSM-systema innan 9. november 2009.

2. 1 800 MHz-bandet skal tildelast og gjerast tilgjengeleg for dei andre jordbaserte systema som kan tilby elektroniske kommunikasjonstenester som er førte opp i vedlegget, på dei vilkåra og med dei gjennomføringsfristane som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 5*

1. Medlemsstatane kan tildele og gjere tilgjengeleg 900 MHz- og 1 800 MHz-banda for andre jordbaserte system som ikkje er førte opp i vedlegget, på det vilkåret at dei sikrar at

- a) slike system kan sameksistere med GSM-system,
- b) slike system kan sameksistere med andre system som er førte opp i vedlegget, både på eige territorium og i nabomedlemsstatar.

2. Medlemsstatane skal sikre at andre system som er nemnde i artikkel 3, artikkel 4 nr. 2 og nr. 1 i denne artikkelen, gjev eit høveleg vern for system i tilgrensande band.

*Artikkel 6*

Medlemsstatane skal vurdere bruken av 900 MHz- og 1 800 MHz-banda for å sikre at dei vert nytta på ein effektiv måte, og skal særleg melde frå til Kommisjonen dersom det er behov for ein revisjon av vedlegget.

*Artikkel 7*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 16. oktober 2009.

*For Kommisjonen*

Viviane REDING

*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG

**LISTE OVER JORDBASERTE SYSTEM SOM ER NEMNDE I ARTIKKEL 3 OG ARTIKKEL 4 NR. 2**

Dei tekniske parametrane nedanfor skal vere ein viktig del av dei vilkåra som er naudsynnte for å sikre sameksistens dersom det ikkje finst to- eller fleirsidige avtaler mellom nærliggjande nett; dette skal likevel ikkje vere til hinder for å nytte mindre strenge tekniske parametrar dersom operatørane av slike nett vert samde om dette.

System	Tekniske parametrar	Gjennomføringsfristar
UMTS, i samsvar med UMTS-standardane, offentleggjorde av ETSI, særleg EN 301 908-1, EN 301 908-2, EN 301 908-3 og EN 301 908-11	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Berebølgjeavstand på minst 5 MHz mellom to nærliggjande UMTS-nett</li><li>2. Berebølgjeavstand på minst 2,8 MHz mellom eit UMTS-nett og eit nærliggjande GSM-nett</li></ol>	9. mai 2010